



Hamnevertar blir også i år Ann Mari Kristoffersen og Hanne Kjærland. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Det blir ingen bryggjedans i juni og det er heller ikkje planlagt nokon form for jonsokfeiring i Uskedalen. Men kan det likevel tenkjast at det blir ein meir uformell markering til dømes i båthamna?**

Spørsmålet kan stillast etter det som vart antyda under møtet i Dialogforumet i Gamleskulen tysdag kveld. Til orientering er jonsokefta dette året (23. juni) på ein tysdag.

Elles kunne Tor Edward Taranger frå båtlagstyret opplysa at båtlaget satsar på den same organiseringa som i fjor. Det betyr at to jenter som også jobbar på SPAR har rolla som hamnevertar og mellom anna tek seg av innkreving av avgift og reingjering.

- Vi har svært gode erfaringar med dette opplegget. Ingen klaga på servicen og det er ingen grunn til å endra opplegget, sa Taranger.

Spørsmålet er no om det er mogeleg å utvida arbeidsoppgåvene til også å omfatta dagleg rydding i sentrumsområdet.

Også elveeigarlaget hadde positive meldingar å koma med framfor fiskesesongen som startar 15. juni. I motsetnad til det som er tilfelle ved nærliggjande vassdrag kan ein sjå fram mot ein ny god sesong.

Trykkar Sigurd Vikøren frå Rosendal var også tilstades på møtet og la fram eit prosjekt han jobbar med. Det er å produsera eit sommarmagasin for Kvinnherad der også Uskedalen vil få sin naturlege plass. Møtedeltakarane stilte seg positivt til prosjektet og no skal det samlast annonser og skrivast om bygda.

Av Ola Matti Mathisen